Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving.

Oppskr. av: Anna Haga Flette.

(adresse): Hagebyen 2, Voss.

Fylke: Hordaland.

Herad: Voss.

Bygdelag: Reppen, Vossevangen.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Den er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1: Vanleg vadmelsvev. Dette vart brûka til underty til: Udlo, dei kalla, og underbûkser. Udlo, eller skjorta hadde ofte berre bolen av vadmel, medan ermane var strikka. Undertyet til menn farga dei ikkji.
Til yttertöy, – vart bûkse og tröya brûka dei og vanleg vadmel, som dei farga. Men til bestty fekk dei det ofte överskore, so det var loddent og fint.
Det vart og tilverka og vove lin til mansskjorter, eller til klæde dei hadde i halsen. Dette var vanleg linvevnad.
2:
Det var vanleg vadmelsvev til kvinner og til underty: Udlo, og hoso. – Dette var ufarga. – Likeeins vadmelsvev til kvardagsty, yttertyet. Men det farga dei.

Men einskjeftevevnad gjorde finare og tunnare ty. – Garnet til dette var sô grant spunne og. Dei skulde kunna dra veften til ei fin dross, gjenom ein gullring, var det grant nok spunne.
Dei vov einskjefte til underdrosser. Dei var svart og grönrûtut eller svart og

16746

raudrutut. – Ytterdossene vart lett svarte. Dei vov til forkle og med ymse render i. Så vov dei lin til skjorter, forkler og skaut.

3:

a) Undertøy for menn: Udla, underbrok.
b) Undertøy for kvinner: Udla, hosa, understakk. Vadmelsvevnad i alt utan understakken, der var det einskjefte.

4:

Bunålsrenning og ull verft til ansleng og putenar. Kvit, ufarga botnfarge med innslag sterkt av raudt og svart.

5:

Sengetepper var helst ryer. Dukar av oppklipt garn, oftast raudt og svart, vart smett med fingrar inn millom sprilene etter som dei vov. Dette vart tunge solide ting, lodne på eine sida som vin feld og glatte på hi sida med mønster. Kvitlane hadde vadmelsvevnad. Dei sende dei til stamping og overskjering om ein ville ha dei sterke og varme.

6:

Dukar vart vovne av lin, dei likjest damaskdukane ein kjøper sume. Andre har mønsterborder m. laustliggjande trådar, ofte åttebladrose-rand.

7:

Handkled var av lin med ymse mønster i. Pyntehandkled større og noko finare enn hine. Sume hadde frynser i endane.

16746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8:

Åkler vart vovne med åkledvevnad, d.v.s.: tredde med fingrar. Bråkvittler, som kunde sjå mest like fine ut (bortsett frå at di ofte var vovne smalare så di var sydde i hop langs etter midten) var vovne med skyttel.

Ryer, var som før nemnt, vovne med knyting.

Brureteppa, som var det staslegste av all vevnad, var helst vovne i rosengang. Helst med bomulls-varp og ullveft. - Der var mange ymse mynster til di. Somme var i fargane, naturullfarge og raudt. Dei andre hadde og grønt og svart i mønsteret.

Vanlege teppe var ofte i smettevev.

Det var noko di kalla treskjefta-vevnad, di vov då ofte med brun varp, med islag av grønt, blått og raudt.

9:

Di hadde ofte krossen som motiv i bordene. Krokabord og rutebord og lynbord, var namna på vanlege border. Men der var utal andre og.

Åttebladrosa gjekk att i mange motiv.

116746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING